



Vederlag 2026

Om vederlag ved Florø hamn

Ved alle kaiene til Florø hamn KF må fartøy betale eit vederlag. Prisane er like for alle kaiene, og er basert på marknadsforhold. Dette er ein del av den ordinære drifta til hamna.

Unntak:

Avfallsgebyret er eit forvaltningsgebyr og er regulert etter forureiningslova (§32a, 2. ledd).

Prisane for 2026 er vedtatt av styret i Florø hamn KF og gjeld frå **1. januar til 31. desember 2026**. Alle prisar er oppgitt utan meirverdiavgift (mva).

Kaivederlag (betaling for bruk av kai)

Alle fartøy som legg til kai eigd av Florø hamn KF, må betale etter følgende satsar:

Bruttotonnasje (BT)	Pris per BT
Dei første 5 000 BT	Kr. 0,88
Neste 5 000 BT	Kr. 0,79
Over 10 000 BT	Kr. 0,68

Minstepris:

- Fartøy under 15 meter: kr. 278
- Fartøy frå 15 meter og opp: kr. 552

Tenderkai (landsetting av passasjerar):

Når kai blir brukt til å sette i land passasjerar frå mindre båtar (tenderbåtar), er prisen kr. 12,98 per passasjer. ISPS-vederlag kjem i tillegg.

Reglar for kaivederlag

- Du betaler for kvar påbegynte kalenderdøgn fartøyet ligg ved kai. Tida reknast frå ankomst til avgang.
- Dersom hamnevakta ber fartøyet flytte midlertidig for å gi plass til eit anna, reknar vi det som om det har lege ved kai heile tida.
- Går fartøyet mellom offentleg og privat kai i løpet av same oppdrag (lasting/lossing), vert liggetida avbroten.
- Fartøy i fast rute betaler berre éin gong per kalenderdøgn – sjølv om dei brukar kaia fleire gongar.
- Fartøy som fortøyer utanpå eit anna fartøy, betaler som om dei låg ved kaia.
- Bunkersfartøy (drivstoffbåtar) betaler ikkje kaivederlag dersom dei berre legg seg utanpå eit skip for å fylle drivstoff.
- Fartøy som allereie betaler eit eige, særskild vederlag, treng ikkje betale kaivederlag i tillegg.
- Alle fartøy må følgje plasseringa gitt av hamnevakta. Dei kan bli bedne om å flytte seg ved behov. Fartøy som ikkje følgjer instruksar frå hamnevakta, kan få beskjed om å forlate kaia på kort varsel.
- Ved avbestilling mindre enn 48 timar før planlagt ankomst, kan kunden bli fakturert 100 % av kaivederlaget på grunn av tapte inntekter.



Feil i anløpsmelding

Dersom feil fakturamottakar blir meldt inn i systemet SSN, og det fører til at fakturaen må krediterast og lagast på nytt, vil det bli lagt til eit behandlingsgebyr på kr 500.

Særskilt vederlag

Nokre typar fartøy betaler eit fast, årleg vederlag i staden for ordinært kaivederlag. Dette gjeld:

1. **Lokale båtruter og næringsfartøy som dagleg trafikkerer hamna**
 - Får tildelt fast plass ved offentlig kai.
 - Betaler kr 899 per bruttotonn per år.
2. **Mindre næringsfartøy (< 15 m) med fast plass i indre hamn**
 - Til dømes taxibåtar.
 - Betaler eit fast årleg vederlag på kr 29.089.

Merk: Det særskilte vederlaget inkluderer farvassavgift og kaiplass. Straum, vatn og renovasjon kjem i tillegg.

Rabattordningar

- **Godsskip med fast ruteplan**
Skip som går etter ein avtalt ruteplan kan få **30 % rabatt** på kaivederlaget. Det må sendast ein søknad for kvart skip og for kvart kalenderår.
- **Prosjekt med lang liggetid**
Ved kaiopphald over 4 veker, kan ein søkje om redusert kaivederlag.
- **Kystruteskip i rute (avtale med Samferdselsdepartementet)**
Får ein rabatt på **50 % per anløp**.

Rabattordningane er fastsette av styret i Florø hamn KF. Dersom det oppstår skeivheiter eller utilsikta forskjellar mellom brukarane, kan administrasjonen justere ordningane etter behov.

Årsvederlag for fiskefartøy heimehøyrande i Kinn kommune

Lengde på fartøy	Pris per år
30-50 meter	Kr. 13.561
15-30 meter	Kr. 7.977
Opp til 15 meter	Kr. 4.269

Gjelder for inntil 50 døgn per år, og berre ved spesifikke kaier: flytekaia ved Amfi, fiskerikaia i Hesteneset, eller annan kai avtalt med Florø hamn KF.

- Brukaren har sjølv ansvar for å søkje om slik avtale på førehand.
- Fartøy med årsavtale må alltid melde frå ved ankomst og avgang.
- Dersom dette ikkje blir gjort, vil ordinært kaivederlag bli kravd.



Passasjervederlag for cruise

Kr. 11 per faktisk passasjer om bord. ISPS-vederlag kjem utanom.

Avbestillingsvederlag for cruiseskip

Ved avbestilling av cruiseanløp vil det bli kravd eit vederlag basert på kor tidleg avbestillinga skjer.

Tid før anløp	Vederlag som blir kravd
18 månadar	15 % av kaivederlaget
12 månadar	30 % av kaivederlaget
6 månadar	40 % av kaivederlaget
48 timar	50 % av kaivederlaget
24 timar	100 % av kaivederlaget

Eventuelle andre direkte kostnader som oppstår som følgje av kansellering, vil bli fakturert til skipet.

Køyretøy over offentleg kai

For køyretøy som reiser til eller frå ferjebruene på Fugleskjærkaia, blir det kravd eit vederlag på kr 13,79 per køyretøy.

Fortøyning og oppmøte

Prisane gjeld per time og inkluderer fortøyning og nødvendig oppmøte frå hamnepersonell.

Tidspunkt	Pris per time
Dagtid (kl. 08.00-15.00)	Kr 1 848
Kveld/natt/helg	Kr. 3 718

Det blir alltid fakturert for minimum to timar.

Leige av hamnebåten "Ytterøyane"

Pris

- Kr. 1.653 per time
- Makspris: kr 12.995 per kalenderdøgn
- Minimumsleige: 2 timar
- Drivstoff kjem i tillegg og blir fakturert etter faktisk forbruk

Mannskap og båtførar

- Det er krav om to personar om bord til ein kvar tid
- Sertifisert båtførar må leigast frå Florø hamn
- Leigetakar kan stille med mannskap nummer to sjølv, eller leige dette gjennom Florø hamn

Pris for båtførar/mannskap



Florø hamn

Tidspunkt	Pris per time per person
Dagtid (kl. 08.00-15.00)	Kr. 924
Kveld/natt/helg	Kr. 1.859



Opplagsvederlag for varer

Gods som vert landa og ligg på offentleg kai i meir enn 48 timar, vert ilagt følgjande opplagsvederlag:

Kr 9,52 per m² per døgn.

Korttidsleige av areal (inntil 6 månader)

Korttidsleige må vere avtalt på førehand. Dersom slik avtale ikkje er inngått, vert opplagsvederlaget lagt til grunn.

Uteareal utan ISPS:

- >200 m²: Kr 36,73 per m² per måned
- <200 m²: Kr 45 per m² per måned

Uteareal med ISPS:

- >200 m²: Kr 40,49 per m² per måned
- <200 m²: Kr 49 per m² per måned

- Bruk av kaiareal i samband med festivalar og arrangement: etter avtale.
- Langtidsleige: etter avtale.

Avfallsvederlag

I tråd med forskrift om avfallsbehandling frå skip, skal alle som anløper hamna betale avfallsgebyr. Dette gjeld alle fartøystypar, inkludert fritids- og fiskefartøy.

Merk:

Vederlaget vert kravd inn sjølv om skipet ikkje nyttar seg av avfallstilbodet. Det kan søkast om fritak dersom ein kan dokumentere fast levering i ei anna hamn med godkjent mottaksordning.

Dokumentasjon må fornyast årleg.

Satsar per anløp etter fartøyets bruttotonnasje (BT)

BT (bruttotonn)	Gebyr per anløp
0-100 BT	Kr. 47,60
101-1000 BT	Kr. 228,59
1001-3000 BT	Kr. 458,56
3001-5000 BT	Kr. 613,47
5001-10 000 BT	Kr. 1213,51
10 001-20 000 BT	Kr. 1833,87
Over 20 000 BT	Faktiske kostnader + 10 % adm. tillegg

Avfallsgebyret inkluderer

- bysseavfall
- emballasje frå skipsfornødenheter (utstyr og forsyningar til skipet)

Følgjande er ikkje inkludert og vert fakturert særskilt:

- Anna avfall frå lasterom og fiskebruk. Farleg avfall/spesial avfall er ikkje inkludert, og må meldast inn til hamnevakta. Kostnader tilkjem etter avfallet er levert til godkjent mottak.
- Utrangert utstyr
- Om avfall må hentast utanom vanleg arbeidstid, kjem eit tillegg for utkalling av mannskap. Du må då betale for faktisk brukt tid, minimum éin time
- Faktiske kostnader + 10 % administrasjonstillegg



Spesialordning

- "Spøkelsesgarn" kan leverast gratis, om det er meldt inn til Florø hamn på førehand.

Hamnesikringsvederlag

Florø hamn følgjer ISPS-regelverket, som skal hindre terror og smugling. Reglane gjeld for hamner og skip i internasjonal trafikk. For å møte desse krava, må vi gjennomføre tryggingstiltak. Kostnadene til dette blir dekt av dei som nyttar infrastrukturen.

Pris for ISPS-fartøy:

- Kr. 0,37 per bruttotonn per døgn.

Pris for ISPS-passasjerfartøy:

I tillegg til vederlaget over, kr. 22,27 per passasjer.

Alle fartøy over 15 meter som bruker ISPS-terminalen skal betale ISPS-vederlag, også om fartøyet ikkje har ISSC-sertifikat. Oversikt over ISPS-kaier finn ein på www.florohamn.no

Unntak:

Fartøy utan ISSC-sertifikat slepp å betale ISPS-vederlag dersom dei berre bunkrar drivstoff, bunkringspersonell er tilstades heile tida, og ikkje brukar annan ISPS-infrastruktur.

Ekstra tryggingstiltak:

Om fartøyet krev ekstra trygging (for eksempel på grunn av høgare sikringsnivå), må rederiet betale for desse kostnadene. Dette gjeld også ved cruiseanløp der det er krav om bemanna port.

ISPS – for andre aktørar

Transportsikringsavtale

Faste transportørar, leverandørar, brukarar og leigetakarar i ISPS-anlegget kan få transportsikringsavtale (tidlegare kalla "Sikkerheitserklæring frå fast aktør").

Om det er tvil om at aktør ikkje held pliktane i transportsikringskontrakta, vert aktør en rekna som utan transportsikringsavtale.

For å få transportsikringsavtale, send e-post til: hamn@kinn.kommune.no. Det kostar ingenting å få avtalen.

Kvifor treng du avtalen?

Avtalen er nødvendig for å få ISPS-adgangskort. Med avtalen slepp du også rutinekontrollar av person og utstyr (5 % kontroll) ved vanleg tryggingnivå (nivå 1).

ISPS-kurs

Du finn godkjent ISPS-kurs på www.florohamn.no. Kurset er personleg, og du må laste ned eller skrive ut kursbeviset etter gjennomføring. Godkjent kursbevis må visast fram for å få utdelt adgangskort.

Har du allereie tatt ISPS-kurs ein annan stad, kan det også bli godkjent. Du må då vise fram kursbevis.



Adgangskort

Adgangskortet er personleg og kan også gi tillating til å køyre inn med bil.

For å få adgangskort treng du

- godkjent ISPS-kurs.
- gyldig transportsikringsavtale.

Prisoversikt

- ISPS-kurs: kr. 250 per kurs*
- ISPS-adgangskort: kr. 278 per kort
- Årsavgift for ISPS-adgang: kr. 334 per kort
- Gebyr for tapt eller øydelagt adgangskort (inkl. lånekort): kr. 445
- Adgangskort eldre enn 5 år kan bytast utan kostnad
- Midlertidig køyretillatelse: kr. 55 per døgn
- Besøkande utan bil får gratis adgang

*Prisen for ISPS-kurs kan endre seg etter leverandøren sine satsar.

Køyretøy utan fast adgangskort

Besøkande som treng å køyre inn i ISPS-området, men ikkje har fast adgangskort, må betale kr. 55 per kalenderdøgn.

Denne midlertidige køyretillatinga blir fakturert fire gongar i året.

Vi anbefaler at bedrifter inngår transportsikringsavtale.

Unntak

Privatkundar som hentar varer og kan vise gyldig dokumentasjon, slepp å betale. Det er speditøren sitt ansvar å gi kunden slik dokumentasjon.

Lasting og lossing av ISPS-fartøy

Når ISPS-fartøy skal lastast eller lossast ved Florø hamn sine kaier, må aktøren ha

- transportsikringsavtale
- godkjent personell som kan ta seg av sikring samtidig med laste-/lossearbeid

Om dette manglar må du leige inn godkjent sikringspersonell frå Florø hamn KF.

Faktura for denne tenesta blir rekna per time, frå éin time før fartøyet kjem til éin time etter det dreg. Prisane følgjer satsane for "fortøyning/oppmøte".

Miljøvederlag

Alle skip skal betale miljøvederlag pr påbegynte døgn, med unntak av skip som koplår seg på straum. Pris per bt er kr. 0,01 for alle skip over 25 m lengde. Minstepris er kr. 10.

Miljøvederlaget skal dekke kostnader knytt til miljøinvesteringar som reduserer klimagassutsleppet, som investeringar i infrastruktur og kompetanse.



Straum

All bruk av straum må avtalast med hamnevakta på førehand.

Om du ikkje avtalar på førehand, vil forbruket bli stipulert (anslått).

- **Pris:** kr 2,30 per kWh
- **Minstepris per døgn:**
 - Fartøy over 15 meter: kr 551
 - Fartøy under 15 meter: kr 175
- **Kvantumsrabatt:** Straumforbruk utover 130 000 kWh pr år pr skip, vert prisa til kr. 1,99 pr kWh

Om straum må leverast utanom vanleg arbeidstid, kjem eit tillegg for utkalling av mannskap. Du må då betale for faktisk brukt tid, minimum éin time.

Prisane kan bli justerte dersom straumleverandøren endrar sine prisar.

Landstraum

Florø hamn KF og Nyvinn AS driftar landstraumanlegga i lag gjennom selskapet Skipskraft AS.

Bestilling av landstraum går via hamnevakta – på same måte som for vatn, fortøyning og renovasjon.

- Pris per kWh: kr. 2,95

Prisane blir fastsett av Skipskraft AS og kan difor variere i løpet av perioden. Prisane er sist oppdatert i styremøte 4. juli 2025.

Ferskvatn

- Pris per tonn kr 24,80
- Minstepris: kr 248,00 (tilsvarer 10 tonn)

Om vatn må leverast utanom vanleg arbeidstid, kjem eit tillegg for utkalling av mannskap. Du betalar for faktisk brukt tid, minimum éin time.



Varevedelag - betaling for varer som vert lasta eller lossa

Hovudreglar

- **Alt gods som går over Florø hamn sine kaier skal det betalast varevederlag for.**
- **Mottakar betaler** for varer som kjem til hamna.
- **Avsendar betaler** for varer som blir sendt frå hamna.
- **Om Florø hamn ikkje har mottatt fakturainformasjon om dette vert faktura sendt til den som bestiller kaiplass.**

For **stykkgodsfartøy** (skip med varierende last i separate kolli som kassar og pallar) er det fartøyet sin ekspeditør som krev inn betaling. Hamnesjefen bestemmer kva skip og last som går inn under denne regelen. Kvar månad skal ekspeditøren sende inn ei oversikt til hamna med informasjon om skip, datoar og vederlag. Summen skal betalast etter kvar månad. Hamna kan ta stikkprøver og be om meir dokumentasjon.

For **bulkfartøy** (skip med laus last eller væske), sender hamneadministrasjonen rekning til mottakar. Ekspeditør, meklar eller skipsfører må melde frå til hamna om varetype, mottakar og vekt så raskt som mogleg etter ankomst.

Varer må plasserast der hamna viser til, og fjernast snarast om ikkje anna er avtalt. Dersom varer blir ståande utan avtale, kan hamna flytte dei for avsendar eller mottakar si rekning. Om varer ikkje blir henta, kan hamna selje dei eller destruere dei om dei er farlege eller i vegen.

Hamna har ikkje ansvar for varer som ligg lagra i bygg, på kai eller på opne lagerplassar.

Ekspeditør eller meklar må så snart som mogleg etter vara si ankomst, gi hamna informasjon om:

- Mottakar si adresse
- Vekt og mål
- Skipet sin siste dag for lossing
- Når vara blir henta

Unntak – varer som slepp å betale varevederlag

Følgande varer er fritatt:

- Varer som midlertidig vert landa på kai og deretter lasta inn att på same skip.
- Tom emballasje som pallar og containarar.
- Bagasje til passasjerar, proviant, bunkers, utstyr til skipet, ballast og post

Varevederlag på offentlege kaier (per 1 000 kg eller 2 m³ – det som gir høgast sum)

Varetype	Pris
Petroleumsprodukt	Kr. 15,33
Fôr og gjødsel (inkl. fiskefôr)	Kr. 9,63



Murstein, kalkstein, skifer m.m.	Kr. 8,11
Sand, singel, pukk og asfalt	Kr. 9,63
Fisk, kreps, og blautdyr	Kr. 13,78
Papp og papir	Kr. 26,70
Tre og trevarer	Kr. 25,53
Sement	Kr. 8,72
Stål og stålelement	Kr. 13,66
Andre varer	Kr. 15,31
Rullande einingar (per stk)	Kr. 124,60

- Vederlaget vert rekna per 1000 kg eller per 2,0 m³, og ein skal velje den metoden som gjev den største avgifta.
- Varer under 10 kg er gratis.
- All inn- og utgåande last vert lagt saman per anløp og vert multiplisert med ein generell sats: **kr 18,40 per 1 000 kg eller 2,0 m³ (frakttonn)**. Ein kan berre bruke éin av metodane – ikkje begge samtidig.
- Ved spesielle behov kan det avtalast egne ordningar med hamn

Florø Gjestehamn

Florø Parkering AS står for innkreving av betaling på vegner av Florø hamn KF.

Pris

- Døgnpris: kr. 295*
- Klippekort (30 klipp, gyldig 12 månader): kr. 5 960*

Langtidsleige i lågsesong (01.10–15.05) – må avtalast på førehand

Lengde på båt	1-4 månader (pr. mnd)	5-10 månader (pr. mnd)
Under 35 fot	Kr. 2922	Kr. 2580
35 fot og over	Kr. 3211	Kr. 2867

Langtidsleige inkluderer ikkje straum og vatn – det vert fakturert etter forbruk. Du må også ha tilsyn med båten og kunne flytte han ved behov. Du har sjølv ansvar for å følgje med på værmeldinga og fortøye/sikre båten etter dei rådane forholda.

Gratis korttidsligge

- Du kan ligge maks 3 timar gratis ytterst på gjestekaia for handling i sentrum. Dette området er skilta og har avgrensa med plassar. Bruk av servicehus er ikkje inkludert.

Prisen inkluderer vatn, straum (16A), levering av mindre mengder avfall og tilgang til servicehuset.



Betaling og vilkår

- Kaivederlag må betalast på førehand med kort eller via **Go Marina-appen**.
- Båteigar må ha tilsyn med båten, fortøye/sikre båten tilpassa vêr og vind og følgje beskjed frå hamnevakt/hamnevert.
- Brot på reglar eller manglande betaling kan føre til at båten blir fjerna for eigar sitt ansvar.
- Om ein ligg kortare enn planlagt vert ikkje innbetalt beløp til GoMarina refundert.

Begrensingar

- Båtar over 60 fot kan ikkje bruke gjestehamna.
- Båtar mellom 50 og 60 fot må vurderast individuelt (avhengig av vêr, vekt og kapasitet).

Endringar i regulativet

Desse satsane gjeld frå 01.01.2026 til 31.12.2026, vedtatt av styret i Florø hamn KF 11.11.2025.